

Månad: oktober 2020
1.0 Økonomi

Drift og eigedom	Denne periode			Til no i år		
	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
Andre øyremarka tilskot	1 909		1 909	1 909		1 909
Andre driftsinntekter	2 882	3 285	- 403	29 675	32 853	- 3 177
Sum driftsinntekter	4 791	3 285	1 506	31 585	32 853	- 1 268
Varekostnad	1 593	1 534	59	14 229	15 413	- 1 184
Lønn til fast ansatte	8 904	8 251	653	75 976	75 403	573
Overtid og ekstrahjelp	297	219	78	2 917	1 959	958
Pensjon inkl arbeidsgiveravgift	1 492	1 492		14 774	14 774	
Offentlige tilskudd og refusjoner	- 300	- 261	- 39	- 4 350	- 2 614	- 1 735
Annen lønn	739	776	- 38	5 201	6 622	- 1 422
Andre driftskostnader	13 606	9 796	3 811	104 410	99 292	5 118
Sum driftskostnader	26 330	21 806	4 524	213 157	210 850	2 307
Driftsresultat	21 539	18 521	3 018	181 572	177 997	3 575

Drift og eigedom har eit negativt avvik mot budsjett på 3,0 millionar denne månaden. Driftsinntektene er 1,5 millionar høgare enn budsjett, dette skuldast sysselsetjingstiltak som er inntektsført med 1,9 millionar denne månaden. Salsinntekter til matforsyning er 160 000 lågare enn budsjett.

Driftskostnadene er 4,5 millionar høgare enn budsjettet, mellom anna som følgje av tiltak i samband med korona. Kostnader som følgje av korona utgjer 2,9 millionar denne månaden, av dette utgjer sysselsetjingsprosjekta 1,9 millionar.


Akkumulert

Akkumulert har drift og eigedom eit negativt avvik mot budsjett på 3,6 millionar. Driftsinntektene er 1,3 millionar lågare enn budsjett, og driftskostnadene er 2,3 millionar høgare enn budsjett.

Til no har vi merka 5,1 millionar som netto kostnad som følgje av korona, av dette utgjer lønseffekt 1,2 millionar. Reduserte salsinntekter og reduserte varekostnader ligg ikkje i desse tala.


2.0 Personell

Medarbeidarar:



Det er registrert 193 brutto månadsverk i oktober, noko som er fire fleire enn i fjor. Netto månadsverk er 175 som er to færre enn i oktober 2019.

Sjukefråvær:



Drift og eigedom hadde eit registrert sjukefråvær på 7,8 prosent i september, mot 6,2 prosent i same månad i 2019, auke utgjer 1,6 prosentpoeng. Vi er no inne i ein god trend, sjukefråværet har ikkje vore lågare meir enn ein månad sidan september 2019. Vi har over tid hatt stort fokus på kor viktig systematisk oppfølging av sjukmelde er, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet. Det vert jobba aktivt med å redusere sjukefråværet i dei ulike einingane.